

Nytt frå Fagområde for allmenmedisin, UiB

Rekningskort er også viktige registerkort!

Å vite kva som skjer på fastlege- og legevaktkontora er viktig av fleire grunnar. Vi treng nasjonal statistikk for når, kor mange og kven som kontaktar fastlegane og legevakta. Vi treng data for overvaking og forskning, og for å følge med på om føringar og ønska endringar skjer i praksis. Til alt dette bruker vi rekningskorta som legane skriv etter alle kontaktar og som dei sender for å få refusjonar frå Helfø. Systemet dei bruker, er takstkodane i den såkalla Normaltariffen, som vert forhandla kvart år mellom legeføringa og staten.

Det kanskje litt færre er klar over, er at alle opplysningane på rekningskorta samtidig er dei data som blir til ein del av KPR, Kommunalt Pasientregister, eit av dei lovfesta helseregistra våre. Denne koplinga gjer at ein årleg forhandla avtale om økonomisk oppgjær for legearbeid, definerer variablane i eit offentleg register, der stabilitet og langsiktig nytte kan måtte vike for ønska endringar i fastlegeøkonomien. Så lenge endringane berre gjeld pengane, vil denne balansen fungere. Men dersom det blir gjort store endringar i definisjonar eller kva prosedyrar, kontaktformer eller undersøkingar og laboratorietestar som blir registrerte, kan det gå utover kvaliteten på registeret, kva forskningsspørsmål som kan besvarast eller tolkinga av trendar og endringar.

Regjeringa skal gjere endringar i fastlegeordninga, og eit av forslaga er ei sterk forenkling av takstsystemet. Utan å spekulere i motiva for dette, er vi som nyttar slike data i forskning, sterkt uroa over at KPR kan bli sterkt skadelidande som eit resultat av prosessen.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@uib.no

Nye AFU-stipend

Allmenmedisinsk forskningsutvalg (AFU) har tildelt nye korttidsstipend for våren 2024 til allmenlegar med rettleiar og tilknytning til allmenmedisinmiljøet i Bergen: **Sanjay Aryal**, fastlege i Øygarden, med prosjekt om bruk av ultralyd på fastlegekontoret.

Anita Fjukmoen, fastlege i Finnøy, med prosjekt om behandling av

akutte og kroniske ryggsmertar på legevakt.

Cilla Lyng Hyldig, fastlege i Rauma, med prosjekt om arbeidsbelastning og utbrenthet blant fastleger i Norge; en kohortstudie 2012-2021.

Simen Sørstrand, allmenlege i Bergen, med prosjekt om oppfølging av eldre med diabetes type 2 i primærhelsetjenesten.

Bli med på kongress i Turku i juni 2024!

Mange vestlandske allmenlegar deltok på den nordiske kongressen i allmenmedisin i Stavanger i 2022. No er det tid for den 23. nordiske kongressen, denne gongen i Turku, Finland, frå 11-14 juni 2024. På nettsida www.ncgp2024.fi kan ein lese meir om kongressen. Påmelding innan 15. april gir billegare avgift.

Nytt om namn

Fagområdet allmenmedisin ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin (IGS) har fått ny leiar frå 2024 ved at professor Øystein Hetlevik tek over stafettspinnen etter professor Thomas Mildestvedt. Hetlevik vert dermed også ein del av leiargruppa ved instituttet. Førsteamanuensis Stefan Hjörleifsson held fram som undervisningsansvarleg.

Instituttet har også fått ny leiar ved at professor Bjarne Robberstad er tilsett for ein fireårsperiode. Han tek over etter professor i allmenmedisin Guri Rørtveit, som sluttar etter åtte år (maksimal tilsetningstid). Ny leiar er også Esperanza Diaz, professor i allmenmedisin, som er blitt ny forskingsleiar.

Stipend frå AMFF

Allmenmedisinsk forskningsfond (AMFF) har hatt tildelingsmøte for eittårige doktorgradsstipend for 2024. På grunn av dårleg økonomi i fondet vart det ikkje starta nye prosjekt, medan allereie starta prosjekt vart vidareført. Fire søkarar frå vårt miljø vart tildelt fortsatt stipend denne gongen:

Siri Dalsmo Berge, fastlege i Arendal, om samlivsproblem på fastlegekontoret.

Jonas Nordvik Dale, fastlege i Bjørnafjorden, om covid-19-pandemien og allmenpraksis.

Ina Grung, allmenlege i Bergen, om depresjon i allmenpraksis.

Ingjerd Jøssang, allmenlege i Stavanger, om medisinsk uforklarte plager.

Guri Rørtveit ny direktør for FHI

Guri Rørtveit, instituttleiar og professor i allmenmedisin ved UiB, vart i statsråd 20. desember 2023 utnemnd til ny direktør for Folkehelseinstituttet.

Rørtveit (58) er utdanna lege frå Universitetet i Trondheim i 1991, og er spesialist i allmenmedisin. Ho har doktorgrad frå UiB i Bergen frå 2004, og har arbeidd som allmenlege i over 15 år i Øksnes og Bergen kommunar. Ho har vore forskingsleiar ved Allmenmedisinsk forskningsenhet (AFE) i Bergen. Ho vart professor i 2009. Rørtveit har også erfaring frå ulike styrer, mellom anna som styreleiar for Chr. Michelsens Institutt og som styremedlem i Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. Ho har også vore medlem av HelseOmsorg-21-rådet. Guri Rørtveit startar i stillinga 18. mars 2024.

Allmenmedisinmiljøet i Bergen gratulerer så mykje med den nye jobben!

Nytt kurs for praksisveiledere

Et kurs som skal formidle oppdatert kunnskap om hvordan en kan øke kvaliteten på veiledning, blir holdt 4.-5. juni 2024 på Scandic Flesland Airport Hotel. Målgruppen er praksisveiledere og andre allmenleger som veileder eller som planlegger å veilede legestudenter, LIS1 og ALIS.

Kurset er åpent for alle, men inngår også som en obligatorisk del for deltakere som ønsker å ta en ny formell utdanning som praksisveileder i allmenmedisin (totalt 10 studiepoeng). Den nye utdanningen utvikles av prosjektet «*Flere praksisplasser og bedre veiledning for medisinstudenter på fastlegekontorene*» (FRONESIS), fra Fagområde for allmenmedisin ved UiB.

Kurset er godkjent med 15 poeng som emnekurs/klinisk emnekurs i allmenmedisin til videre- og etterutdanningen.